



	Prosjektgruppa DyrkSmart Profesjonelle arbeidslag	Sted	Ullensvang Fruktlager
Dato	20. juli 2015 09.45-11.00		
Møtedeltakrar	<ul style="list-style-type: none">• Leif Øie• Sigbjørn Brusletto• Torleiv Helle• Magnus Opedal• Jan Ove Nes• Sjur Ove Svartveit	Referent	Sjur Ove Svartveit Antall sider : 2
Materiell utsendt før møtet	<ul style="list-style-type: none">• Innkalling• Notat profesjonelle arbeidslag 2015-07-01	Materiell utlevert på /etter møtet	

Sak 1 **Profesjonelle arbeidslag – vidare arbeid.**

Møtet la notatet av 2015-07-01 til grunn for drøftingane og fylgjande punkt vart løfta fram og drøfta:

- I Ullensvang er det truleg 300-400 sesongarbeidarar, nokre 10 talls tilsette i fruktlagera vil berre vera eit supplement til dagens løysingar.
- Produsentar med ulike produksjonar har ulike behov, dei utan moreller har lite trong for arbeidshjelp i august. Dette kan avhjelpast ved å leiga frå fruktlageret eller å inngå samarbeid med produsentar som har andre produksjonar.
- Nå Fruktlager signaliserer at dei truleg er for små til å ha eigne arbeidslag.
- Folgefonna Landbrukstenester (timepris på NOK 230) vart vurdert som eit alternativ, men vart førebels sett på som lite aktuelt.
- Lønn tilsette på fruktlageret vs lønn for tilsette (ofte med bustad inkludert) kan medføra forklaringsbehov.
- Truleg vil eit tilbod om profesjonell arbeidshjelp medføra at dei som baserer produksjonen på eigeninnsats kanskje aukar produksjonen.
- Etablering av profesjonelle arbeidslag vil truleg auka etterspørsel etter slike tenester.
- Uavhengig av etablering av profesjonelle arbeidslag vil det framover vera trong for opplæring (skjering, tynning etc) på andre språk enn norsk. Dette er ei teneste som Norsk Frukttrådgiving Hardanger har utført kvart år i mars, på Velure. Dette er ei teneste som kan utvidast

Møtet konkluderte med at det kan vera eit behov for profesjonelle arbeidslag og at ein ynskte å testa tanken i medlemsmassen.



Sak 2 Framdrift.

Møtet slutta seg i hovudsak til framdrifta som vart føreslått i notatet av 1. juli. I praksis vil dette seia at:

- Fruktlagera (ikkje alle hadde diskutert dette i styret og tok atterhald om nødvendig tilslutnad her) presenterer saka i eit medlemsmøte i løpet av august. Sjur Ove i samarbeid med prosjektgruppa lagar eit utkast til presentasjon.
- Det vert utarbeidd ein behovsanalyse på web. Sjur Ove, i samarbeid med prosjektgruppa, lagar eit utkast til presentasjon samt får denne lagt ut på nettet.
- Prosjektgruppa , på bakgrunn av resultat i pulepunkt 1 og 2 , lagar ei oppsummering som dannar grunnlag for eventuelt vidare arbeid.